

Innkalling til møte
Utval for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tid: kl. 13.15- 15
Stad: rom 435, HF-bygget

Til: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleder), Christine Hamm, Gunnstein Akselberg, Sigrun Eilertsen, Knut Ove Arntzen, Erling Aadland, Helge Dyvik, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich, Fredrik Longva, Thea C. Lerfald, Svanhild Berge, Jens Elmelund Kjeldsen, Ellen Mortensen.

Kopi: Siri Fredrikson, Johan Myking, studieadministrasjonen, studentrepresentantane i instituttrådet.

Saksliste

UUI-sak 22/12: Godkjenning av innkalling og saksliste.

UUI-sak 23/12: Orienteringssaker

1. Innføring av plagiatsjekk i ePhorus. Dokumentasjon vedlagt.
2. Oppretting av programstyre ved LLE. Munnleg orientering.
3. Behandling av programstyrereferat. Munnleg orientering.
4. Samarbeid med Karrieresenteret om yrkesrettledning. Munnleg orientering.
5. Tildeling til prosjekt gjennom Samarbeidsprogrammet med Russland. Munnleg orientering.
6. Redaksjonelle endringer i studie- og emneplanar: informasjon om ordbok på alle emne med skoleeksamen på gresk og latin, informasjon om krav til språkføring på emna i norsk som andrespråk, tekstlig justering av emneplanen på NORMAU651, tekstlig justering på NODI302.

Vedtaksaker:

UUI-sak 24/12: Studie- og emneplanendringar NOLISP300 og NOSP200- og 300-nivå

UUI-sak 25/12: Endringar i obligatoriske aktivitetar på fjernstudiet i norsk som andrespråk

Diskusjonssaker:

UUI-sak 26/12: Oppfølging av evaluering ved LLE

UUI-sak 27/12: Retningslinjer for godkjenning og bruk av ekstern sensor.

Eventuelt

UUI-sak 23/12	O-sak 1: Innføring av plagiatsjekk i ePhorus	
Vedlegg	E-post til alle.lle og time-lle 5.6.12.: ePhorus: Innføring av plagiatsjekk av eksamensoppgaver fra våren 2012	

E-post til alle.lle og time-lle 5.6.12.:

ePhorus: Innføring av plagiatsjekk av eksamensoppgaver fra våren 2012

Fra våren 2012 blir alle skriftlige eksamensbesvarelser som leveres digitalt på Mi side, sjekket for plagiat i tekstgjenkjenningsprogrammet **ePhorus**. Tekstene sjekkes mot tidligere innleverte tekster i ePhorus og mot åpne kilder på nettet.

Hvem gjør hva?

Eksamensbesvarelsene blir sendt ePhorus av eksamenskonsulentene. ePhorus sender epostrapporter tilbake til disse. Deretter er det naturlig at emneansvarlig/intern sensor ser på eventuelle avvik for å se om det er snakk om legitim sitering/bruk av bibliografi eller om det er snakk om mulig plagiering.

Emneansvarlige/interne sensorer på emner med skriftlige eksamensinnleveringer må derfor være forberedt på at de blir kontaktet av eksamenskonsulentene dersom det dukker opp mulige plagiatsaker.

Eksamensbesvarelsene blir våren 2012 sendt til ePhorus etter sensur. Plagiat har ingen foreldelsesfrist og dersom det avdekkes (mulig) plagiat vil instituttet følge vanlige prosedyrer for slike saker.

Prosedyre ved avdekking av eller mistanke om plagiat

Mistanke om plagiat skal ikke sanksjoneres med stryk, men følges opp som en egen sak. Den som plagierer – bevisst eller ubevisst – skal få tilbakemelding fra UiB om at dette ikke er akseptabelt akademisk håndverk.

Ved mistanke om plagiat kalles studenten inn til møte og får legge frem sin side av saken, instituttet skriver en rapport til fakultetet, og fakultetet videresender eventuelt saken til Den sentrale klagenemda. Klagenemda avgir dom og bestemmer eventuelle sanksjoner. Den mest alvorlige sanksjonen er utestenging fra høyere utdanning i to semestre, den mildeste sanksjonen er annullering av eksamen.

Infoside om ePhorus ved UiB: <https://wikihost.uib.no/uawiki/index.php/Ephorus>

Om noen har spørsmål, ta kontakt med studieleder eller eksamenskonsulenten på ditt fag.

Ranveig Lote
studieleder, LLE
tlf: 555 82981

UUI-sak 24/12	Studie- og emneplanendringar NOLISP300 og NOSP200- og 300-nivå	
Vedlegg 1	Saksomtale (sak 3/12) frå innkalling til programstyremøte for nordisk 30. mai.	
Vedlegg 2	Referat frå programstyremøtet for nordisk 30. mai, sak 3/12.	
Vedlegg 3	Saksomtale med vedlegg. Som eige dokument på nettsidene: http://www.uib.no/le/om-instituttet/utval-for-undervisning-og-internasjonisering/mote-vaaren-2012	

Nordisk språk ønskjer å gjere endringar i emnetilbodet på 200- og 300-nivå. Saksframlegget frå programstyremøtet for nordisk den 30. mai gjer fyldig greie for saka og undervisningsleiinga bed UUI om å lese denne og referatet frå same møtet for å gjere seg kjende med saka.

Alle studieplandokument i saka blir lagt på ei eiga lenkje på nettsidene til UUI: <http://www.uib.no/le/om-instituttet/utval-for-undervisning-og-internasjonisering/mote-vaaren-2012>

Framlegg til vedtak:

UUI vedtar programstyret sine endringar i emnetilbodet på 200- og 300-nivået i nordisk språk og litteratur. Endringane i emne- og studieplanar blir gjort gjeldande i tråd med fakultetet sine fristar.

Vedlegg 1: Saksomtale (sak 3/12) frå innkalling til programstyremøte for nordisk 30. mai.

	Studie- og emneplanendringar NOLISP300 OG NOSP200- OG 300-NIVÅ
Vedlegg 1	Revidert studieplan for bachelorprogram i nordisk
Vedlegg 2	Revidert studieplan for masterprogram i nordisk språk og litteratur
Vedlegg 3	Revidert studieplan for integrert masterutdanning i nordisk
Vedlegg 4	Revidert emneplan for NOLISP300 Nordisk: Prosjektførebuande emne
Vedlegg 5	Reviderte/nye emneplanar for emne med temaet Språkbruksanalyse: NOSP210, NOSP250, NOSP310, NOSP210-L
Vedlegg 6	Reviderte/nye emneplanar for emne med temaet Språkleg variasjon og endring: NOSP213, NOSP251, NOSP321
Vedlegg 7	Reviderte/nye emneplanar for emne med temaet Namnegransking: NOSP214, NOSP252, NOSP322
Vedlegg 8	Reviderte/nye emneplanar for emne med temaet Språk i Norden: NOSP211, NOSP254, NOSP313

Vedlegg 9	Ny emneplan for NOSP324 Nordisk: Grammatikk og semantikk
Vedlegg 10	Revidert emneplan for NOSP312 Nordisk: Språkleg masteremne

STUDIE- OG EMNEPLANENDRINGAR (NOLISP300 OG NOSP200- OG 300-NIVÅ)

Samandrag

Fagmiljøa i nordisk språk og nordisk litteratur ønskjer å avvikle dublert undervisning i NOLISP300 Nordisk: Prosjektførebuande emne. Fagmiljøet i nordisk språk ønskjer ein revisjon av undervisningstilbodet på 200- og 300- nivået, med revisjon, nedlegging og oppretting av emne og resulterande behov for revisjon av studieplanar.

Framlegget om endringar for NOLISP300 har konsekvensar for mastergraden i nordisk og mastergraden i norrøn filologi, medan framlegget om endringar i NOSP-tilbodet ikkje har direkte konsekvensar for andre disiplinar av faget.

Det er ønske om at endringane skal gjelde frå hausten 2013.

Oversyn

Prosjektførebuande emne

Fagmiljøa i nordisk språk og nordisk litteratur ønskjer å avvikle dublert undervisning i NOLISP300 Prosjektførebuande emne, som inngår i mastergrad i nordisk språk og litteratur og mastergrad i norrøn filologi. Studenttalet er svært lågt om hausten, og miljøa meiner difor at tilbodet må avgrensast til våren. Dette må sjåast i samanheng med at talet på tilsette går ned og kjem til å halde fram med det i overskodelig framtid; vi er nøydd til å spare der vi kan, helst utan vesentleg forringing av studietilbodet. Men ei slik endring skaper problem for mastergraden i norrøn filologi, der programstrukturen har NOLISP300 i haustsemesteret. Dette er drøfta nedanfor.

Delar av kollegiet ønskjer full avvikling av NOLISP300, dels for å tilby lektorstudentane eitt reint NOLI/NOSP-emne til (no berre eitt før masteroppgåva). Det har òg vore føreslått å redusere emnet til t.d. 5 stp og opprette eitt eller fleire NOLI/NOSP-emne på 10 stp. Men pga. at det er ein ny nasjonal rammeplan for lektorutdanningane på veg som truleg vil tvinge fram endringar i programstrukturen på integrert lektorutdanning, går fleire tilsette inn for å halde på tilbodet i vårsemesteret slik det er, inntil vidare, og programstyreleiaren stør dette synet.

Språklege undervisningstilbod på 200- og 300-nivå

Frå språksida er det ønske om fire forbetringar i studiestrukturen. For det første ønskjer ein å unngå at visse språklege temakombinasjonar på 200-nivået fører til at studentane må skrive to semester-/bacheloroppgåver. For det andre ønskjer ein at det skal vere mogleg å skrive bacheloroppgåve i alle språklege undervisningstema på 200-nivå. For det tredje ønskjer ein at emnetilbodet vert meir føreseieleg for studentane. For det fjerde ønskjer ein å tilby eigne språklege undervisningstema for 300-nivået. Ein oppnår alle fire med dei endringane som er føreslått her.

To undervisningstilbod som har vore felles for 200- og 300-nivået, vert omgjorde til reine masteremne. Dersom ein skal ha eigne mastertilbod, må tilbodet på 200-nivået reduserast tilsvarande av resursomsyn. Talet på NOSP-tilbod på 200-nivået vert difor redusert til to per semester, og dette vert tilbod med fast undervisningssemester og innhald (dette har hittil delvis vore annleis).

Det vert val mellom skuleeksamen og bacheloroppgåve på 200-tilboda (ulike emnekodar). Eitt av dei dedikerte mastertilboda får mappevurdering, det andre skuleeksamen.

Nokre 200-nivåemne er no heisemne; dei får eigne 300-kodar i staden. Vurderingsformene på 300-nivået vert justerte.

Desse endringane har ikkje direkte konsekvensar utover NOSP-tilboda til studentane eller for undervisningskreftene i andre disiplinar. Språksida meiner difor at dei bør vere ukontroversielle.

Endringar på 200-nivået (nordisk språk)

Det vert to NOSP-tilbod kvart semester (no: inntil tre). Kvart av dei har val mellom skuleeksamen og bacheloroppgåve. På eitt tilbod kvart semester vert bacheloroppgåva supplert med munnleg eksamen, medan det andre tilbodet vert supplert med ein breiddetest i form av ei skriftleg prøve på to timar.

I detalj:

1. Eksisterande NOSP212 Nordisk: *Språkleg fordjupingsemne* (vår/haust, men ikkje fast) og NOSP253 Nordisk: *Språkssystemet 1* (haust, men ikkje fast) vert avvikla. (Undervisningstilboda vert omgjorde til masteremne.)
2. Eksisterande NOSP250 Nordisk: *Språkbruksanalyse* held fram (vurderingsform som no: semesteroppgåve og skrifleg prøve (2 timar, breiddetest)), og det vert oppretta eit alternativt emne NOSP210 Nordisk: *Språkbruksanalyse* som skal ha skuleeksamen. Dei har felles pensum og undervisning, og ein kan ikkje ta begge. NOSP210-L *Språkbruksanalyse for integrert lektorutdanning* (10 stp) vert ikkje endra.
3. Eksisterande NOSP251 Nordisk: *Språkleg variasjon og endring 1* endrar namn til NOSP251 Nordisk: *Språkleg variasjon og endring med bacheloroppgåve*. Det vert oppretta eit alternativt emne NOSP213 Nordisk: *Språkleg variasjon og endring*; dette skal ha skuleeksamen. Dei har felles pensum og undervisning, og ein kan ikkje ta begge.
4. Eksisterande NOSP252 Nordisk: *Namnegransking 1* (haust, men ikkje fast) endrar namn til NOSP252 Nordisk: *Namnegransking med bacheloroppgåve*. Det vert eit fast tilbod om hausten. Det vert oppretta eit alternativt emne NOSP214 Nordisk: *Namnegransking*; dette skal ha skuleeksamen. Dei har felles pensum og undervisning, og ein kan ikkje ta begge.
5. Eksisterande NOSP211 Nordisk: *Språk i Norden* (haust, men ikkje fast) vert eit fast tilbod om hausten (vurderingsform som no: skuleeksamen). Det vert oppretta eit alternativt emne NOSP254 Nordisk: *Språk i Norden med bacheloroppgåve*, med semesteroppgåve og breiddetest som vurderingsform. Emna har felles pensum og undervisning, og ein kan ikkje ta begge.
6. Alle NOSP200-nivåemne har høve til midtsemestereksamen semesteret etter undervisningssemesteret under føresetnad av at obligatoriske aktivitetar er gjorde i undervisningssemesteret.

Endringar på 300-nivået (nordisk språk og litteratur)

NOLISP300 Nordisk: *Prosjektførebuande emne* skal ikkje lenger gå om hausten. To NOSP-tilbod som no er felles for 200- og 300-nivået, vert berre for 300-nivået. Eitt av dei skal gå om hausten og kan veljast av lektorstudentane, og her legg vi undervisninga utanom praksisperioden. To tilbod som har vore 200-nivåemne som kan heisast opp til masternivået, får eigne emnekodar for masternivået, men felles undervisning med 200-nivået. Eksisterande system med mogleg vidareføring av tema frå 200-nivået vert avvikla

som del av det ordinære emnesystemet, men vi fører vidare sjølvstudieemnet NOSP320 Språkleg særernne, som ev. kan brukast til slik påbygging.

I detalj:

1. NOLISP300 Nordisk: *Prosjektførebuaende emne* (fast vår/haust) skal ikkje lenger gå om hausten. Den munnlege prosjektpresentasjonen vert omdefinert frå obligatorisk aktivitet til del av vurderinga, og dersom ein har fått godkjent obligatoriske aktivitetar om våren, kan ein levere endeleg skisse og ha munnleg presentasjon som ein midtsemestereksamen om hausten.
2. Eksisterande NOSP323 Nordisk: *Språkssystemet 2* (haust, men ikkje fast) vert lagt ned. I staden opprettar vi NOSP324 Nordisk: *Grammatikk og semantikk*, som får noko annleis fagleg profil. Det skal gå fast om hausten. Dette vert eit undervisningstilbod berre for masternivået («vanleg» nordisk master og integrert lektorutdanning) og skal ha bolkundervisning utanom lektorstudentane sin praksisperiode. Undervisninga vert noko redusert i omfang og meir basert på studentaktivitet. Emnet får mappevurdering. Emnet vert opna for studentar på masterprogram i norrøn filologi, jf. nedanfor.
3. Eksisterande NOSP312 Nordisk: *Språkleg masterernne* (vår/haust, men ikkje fast) vert eit fast emne om våren, og det vert eit reint mastertilbod. Emnet kan ikkje rekne med stort studenttal (med mindre NOLISP300 vert avvikla om våren òg, jf. ovanfor), så undervisninga vert mindre enn på andre emne og i høgre grad basert på studentaktivitet. Ho vert organisert i bolkar. Emnet får skuleeksamen. (Det har vore diskutert om studentgrunnlaget (med berre 300-nivå på «vanleg» master) er for lite, men språkmiljøet ønskjer å prioritere eigne tilbod for masternivået. Dersom studenttalet viser seg å verte svært lågt, får ein vurdere å opne for 200-nivået att på eit seinare tidspunkt.)
4. Eksisterande NOSP321 Nordisk: *Språkleg variasjon og endring 2* (vår) og NOSP322 Nordisk: *Namnegransking 2* (no: haust, men ikkje fast) får fjerna 2-talet i namna, og NOSP322 vert fast om hausten. Dei har felles pensum og undervisning med tilsvarande 200-nivåemne og skal ikkje kunne kombinerast med dei. Vurderingsforma vert semesteroppgåve og munnleg eksamen.
5. Vi opprettar NOSP310 Nordisk: *Språkbruksanalyse* (vår) og NOSP313 Nordisk: *Språk i Norden* (haust). Dei får felles pensum og undervisning med tilsvarande 200-nivåemne og skal ikkje kunne kombinerast med dei. Vurderingsforma vert skriftleg eksamen på seks timar.
6. Eksisterande NOSP320 *Språkleg særernne* vert ståande uendra.
7. Alle NOSP300-nivåemne med unnatak av NOSP320 Nordisk: Språkleg særernne har høve til midtsemestereksamen semesteret etter undervisningssemesteret under føresetnad av at obligatoriske aktivitetar er gjorde i undervisningssemesteret. Unnataket for særernnet kjem av at emnet har ordinær sluttsemestereksamen kvart semester.

Undervisningsressursar

Det vert spart ein del ressursar på både litteratur- og språksida med avviklinga av dublerert undervisning i NOLISP300. På språksida vert det nye tilbodet mindre fleksibelt enn det gamle når det gjeld talet på undervisningstilbod. Det kan verte krevjande med tre tilbod kvart semester. Det er difor viktig å halde fast ved at undervisningsmengda bør reduserast når studenttalet går under fem, og fagkoordinatoren for nordisk språk har eit særleg ansvar for å presisere dette overfor lærarane og gjere ei løpande vurdering av om det er behov for å avgrense porteføljen.

Konsekvensar for studieprogramma

Bachelorprogram i nordisk

Undervisningstilbodet i NOSP-emne på 200-nivå vert avgrensa til to tema, men det totale emnetilbodet (NOSP + NOLI + andre disiplinar) er likevel stort, jf. studieplanen. Eksamensordninga vert meir fleksibel. Endringa rører berre ved spesialiseringa i nordisk språk og litteratur, ikkje dei to andre spesialiseringane.

Bachelorprogram i språk og informasjon

Ingen andre konsekvensar enn to endra emnenamn. Sidan programmet er under avvikling, synest det ikkje tenleg å gjere noko meir med det.

Bachelorprogram i språk og interkulturell kommunikasjon

Eit endra emnenamn. Programmet treng ikkje å endre noko anna, men vi føreslår at det nye NOSP210 Språkbruksanalyse (med skuleeksamen) vert eit alternativ til NOSP250.

Masterprogram i nordisk språk og litteratur

Studentar som byrjar i januar, må ta NOLISP300 i første semester i staden for andre. Det vert to NOSP-tilbod berre for masternivået; hittil har alt vore felles med 200-nivået. Emna i Namnegransking og Språkleg varisjon og endring kan ikkje lenger byggje på tilsvarande 200-nivåemnet, men det er opna for påbygging innanfor NOSP320. Andre delar av programmet vert ikkje endra.

Integrert lektorutdanning med master i nordisk

To endra emnenamn i 6. semester. I 7. semester (det første på masternivået) vert tilbodet betre: Eitt emne, NOSP324 Grammatikk og semantikk, vert tilrettelagt med undervisning utanom praksisperioden. Programmet vert elles ikkje endra.

Masterprogram i norrøn filologi

Her oppstår det problem når ein avskaffar NOLISP300 om hausten. Dei fleste studentar begynner om hausten og har då tilrådd normalprogresjon som i den første tabellen nedanfor.

Når NOLISP300 berre skal gå om våren, får programmet for lite innhald i 1. semester og for mykje i 3. semester.

Programstyreleiaren har drøfta problemet med styrerepresentanten frå NOFI og føreslått at ein definerer eitt eller fleire NOSP- og NOLI-emne som programemne på norrøn master, med opning for at norrønstudentane legg opp delvis individuelle pensum med ei sterkare norrøn eller språk-/litteraturhistorisk innretning enn den studentane på nordisk får. Dette er motteke positivt, og difor er det lagt til rette for ei slik tilpassing av NOSP324 Grammatikk og semantikk i den reviderte emneplanen. Det er ønskjeleg om ein får ei liknande ordning med eit NOLI300-nivåemne.

Programstyreleiaren skisserer på dette grunnlaget strukturen i den andre tabellen nedanfor for ein revidert studieplan. Her er prøvoførelesinga teken ut; dette er ikkje drøfta med NOFI-representanten i styret.

Revidert studieplan bør vedtakast i løpet av hausten 2012.

1. semester (haust)	NOFI302 Spesialisert emne i norrøn filologi	NOLISP300 Prosjektførebuande emne
2. semester (vår)	NOFI304 Spesialisert emne i norrøn filologi	NOFI350 Masteroppgåve (1/4)
3. semester (haust)	NOFI350 Masteroppgåve (2/4)	
4. semester (vår)	NOFI350 Masteroppgåve (1/4)	NOFI303 Prøveførelesing

Gjeldande struktur på master i norrøn filologi

1. semester (haust)	NOFI302 Spesialisert emne i norrøn filologi	NOSP324 Grammatikk og semantikk eller NOLI3xx (eit litterært emne)
2. semester (vår)	NOFI304 Spesialisert emne i norrøn filologi	NOLISP300 Prosjektførebuande emne
3. semester (haust)	NOFI350 Masteroppgåve	
4. semester (vår)		

Mogleg framtidig struktur på master i norrøn filologi

Vedlegg 2: Referat frå programstyremøtet for nordisk 30. mai, sak 3/12.

Sak 3/12: Studie- og emneplanendringar - NOLISP300 OG NOSP200- OG 300-NIVÅ

I tillegg til saksframlegget i innkallinga la Kinn fram ein modell i møtet som viser dei planlagde endringane.

Vedtak:

1 a. Programstyret for nordisk bed UUI vedta

- revidert studieplan for bachelorprogram i nordisk
- revidert studieplan for masterprogram i nordisk språk og litteratur
- revidert studieplan for integrert lektorutdanning i nordisk
- revidert emneplan for NOLISP300
- nedlegging av NOSP212, NOSP253 og NOSP323
- emneplanar for nye emne NOSP210, NOSP213, NOSP214, NOSP254, NOSP310, NOSP313 og NOSP324
- reviderte emneplanar for NOSP210-L, NOSP211, NOSP250, NOSP251, NOSP252, NOSP312, NOSP321 og NOSP322

1 b. Programstyret legg følgjande formuleringar inn i emneplanane:

Emne med obligatoriske arbeidskrav:

"Det er høve til å ta eksamen tidleg i det undervisningsfrie semesteret dersom obligatoriske arbeidskrav er innfridde i det føregående undervisningssemesteret."

Emne utan obligatoriske arbeidskrav:

"Det er høve til å ta eksamen tidleg i det undervisningsfrie semesteret."

2. Programstyret for nordisk bed fagmiljøa i norrøn filologi og nordisk litteratur om å drøfte moglegheta for å innpasse eit NOLI-haustemne på 300-nivå i masterprogram for norrøn filologi, som alternativ til NOSP324. Fagmiljøa vert bedne om å føreslå revidert

studieplan for programmet og ev. revidert/ny emneplan for eit NOLI-emne med sikte på handsaming i programstyre og UUI innan utgangen av haustsemesteret 2012.

3. Programstyret for nordisk føreslår for programstyret for språk og interkulturell kommunikasjon at NOSP210 vert eit alternativ til NOSP250 i det programmet.

Sak 25/12	Endringar i obligatoriske aktivitetar på fjernstudiet i norsk som andrespråk	
Vedlegg 1	Emneplanar Prisme, NORAN101- F og NORAN104-F	

Norsk som andrespråk har vedteke ein del endringar i emneplanane, jfr. sak 4/12 på programstyremøte for nordisk 30. mai. Dei fleste er redaksjonelle endringar, medan ei av endringane gjeld obligatoriske aktivitetar og blir derfor lagt fram for UUI.

I saksomtalen til programstyre i nordisk er det gjort greie for denne endringa på følgjande måte:

«–NORAN 101-F og NORAN 104-F - under OBLIGATORISKE ARBEIDSKRAV

Formuleringa om tilbakemelding frå medstudentar er flytt opp til "UNDERVISNING og OMFANG", då det ikkje har vore praktisert registrering av dette som obligatorisk arbeidskrav. I staden er det sett inn ei formulering som tydeleggjer at det er obligatorisk å levera utkast til mappeoppgåve til rettleiing hos faglærer.»

Endringane over blei vedtatt i programstyremøtet 30. mai og undervisningsleiinga tilrår at UUI vedtar endringane i obligatoriske aktivitetar slik programstyremøtet ber om.

Framlegg til vedtak:

UUI vedtar endringane i obligatoriske aktivitetar for NORAN101-F og NORAN104-F. Instituttet bed fakultetet om at endringane kan trå i kraft frå hausten 2012. Dei andre endringane på NORAN-emna som er handsame i programstyre blir sendt inn som redaksjonelle endringar til fakultetet og vi såleis også gjelda frå hausten 2012.

Vedlegg 1: Emneplanar Prisme, NORAN101- F og NORAN104-F

Emnekode	NORAN101-F
Emnenamn, nynorsk	Norsk språk som andrespråk (fjernstudium)
Emnenamn, engelsk	The Norwegian language as a second language (distance education)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust eller vår
Faglig overlapp	NORAN101-F og NORAN101 har full overlapping med kvarandre, slik at ein berre kan få uttelling for eitt av emna.
Undervisningsspråk	Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Studenten må vere oppteken til NORAN101-F (Vidareutdanning)
Mål og innhald	Emnet gjev ei grunnleggjande innføring i moderne norsk språk , som omfattar fonologi, morfologi, syntaks, leksikologi og i ein viss mon vert pragmatiske og

	<p>sosiolingvistiske aspekt trekte inn. Desse språklege nivåa vert studerte i eit andrespråksperspektiv, så jamvel om norsk språk er hovudfokus og språklege problemstillingar står sentralt, har dette emnet eit allmenningvistisk, språklæringsteoretisk og språkdiraktisk tilsnitt. Dette pregar både utvalet og vektinga av tema og måten dei ulike tema blir handsama og presenterte på. Eit viktig element er innføring i mellomspråk og den lingvistiske, læringsteoretiske og faghistoriske bakgrunnen for dette omgrepet.</p> <p>Emnet skal også gje studenten dei språketeoretiske og språkanalytiske kunnskapsverkty han treng for eit vidare studium i andrespråkslingvistikk, språklæringsteori og tospråklegheitsforskning.</p>
Læringsutbyte/resultat	Etter å ha fullført emnet skal studenten ha eit godt grep om korleis norsk språk er bygd opp og kunne analysere og tolke elevspråk på alle språklege nivå, slik at han kan velje gode rådgjerdar i praktisk-pedagogiske samanhengar.
Krav til forkunnskapar	Ingen.
Tilrådde forkunnskapar	EXFAC00SK Språk og kommunikasjon eller tilsvarande.
Undervisning og omfang	<p>Ein del av undervisninga blir gjeven som førelesingar ved hjelp av audio- og videogram, men hovudsakleg er undervisninga nettbasert og interaktiv av karakter, og det er ein føresetnad at studentane tek del i denne nettaktiviteten.</p> <p>I tillegg til den aktiviteten som går føre seg i plenum på nettet, deltek studentane òg i nettgrupper. Denne nettgruppeaktiviteten, omfattar mellom anna nettkollokvium i "sann tid", i eit omfang på to timar kvar veke til eit visst klokkeslett.</p> <p>Etter nærare retningsliner fastsette av instituttet leverer studentane inn utkast til mappeoppgåve og får tilbakemelding på det faglege innhaldet og praktiske råd når det gjeld rett bokmål, nynorsk og teiknsetjing. Det vert lagt vekt på at studentane skal få trening i å kommentere medstudentane sine oppgåver.</p> <p>I løpet av studiet skal kvar student ha presentert oppgåva si for gruppa og fått tilbakemelding frå medstudentane. Når faglæraren har rettleidd oppgåva, har studenten høve til å omarbeide henne, men det omarbeidde produktet skal ikkje gjennom noka vidare førehandsgodkjenning. Denne oppgåva inngår i sluttvurderinga.</p>
Obligatoriske arbeidskrav I løpet av emnet skal kvar	Det er obligatorisk å levere utkast til oppgåva og å motta rettleiing på denne frå faglærar. Instituttet gjev nærare retningslinjer og fristar.

<p>student ha vore oppgåveredaktør. Når faglæraren har vurdert oppgåva, har studenten høve til å omarbeide henne, men det omarbeidde produktet skal ikkje gjennom noka vidare førehandsgodkjenning. Denne oppgåva inngår i ei skrivemappe saman med andre kortare tekstar. Instituttet fastset nærare reglar og fristar.</p>	<p>Deltaking i nettkollokvia er obligatorisk. Fråvær på meir enn 25 % medfører tap av retten til å gå opp til eksamen.</p> <p>Obligatorisk aktivitet er gyldig i undervisningssemesteret og semesteret etter.</p>
<p>Vurderingsformer (dvs. Eksamen)</p> <p>«Den rettleidde oppgåva» erstatter «mappeoppgåva» siden det bare er snakk om en oppgåve.</p>	<p>Eksamen er ei skriftleg prøve på fire timar og ei rettleidd oppgåve.</p> <p>Den skriftlege prøva tel 60 % og den rettleidde oppgåva 40 % av den samla karakteren. Ein må stå på både den rettleidde oppgåva og eksamensoppgåva dersom ein skal stå på heile eksamen.</p> <p>Kandidaten nyttar målform etter eige val.</p> <p>Kandidaten kan nytte sitt eige eksemplar av ein norsk grammatikk ved den skriftlege eksamenen. Faglærer godkjenner aktuelle grammatikkar.</p> <p>Det vert arrangert eksamen tidleg i det undervisningsfrie semesteret. Kandidatar som stod på berre den skriftlege prøva eller den rettleidde oppgåva, kan ta eksamen i den andre delen. Den rettleidde oppgåva er oppgåva frå undervisningssemesteret; kandidaten har høve til å forbetre den, men kan ikkje få rettleiing.</p> <p>Ved fastsetjinga av karakter vert det lagt vekt på både fagleg kunnskap, sjølvstendig og kritisk vurdering, evne til problemløysing og språkføring.</p>
<p>Karakterskala</p>	<p>Det vert nytta bokstavkarakterar frå A til F, der F er stryk.</p>
<p>Læremiddelomtale</p>	<p>Pensum er på ca. 1000 sider av normal vanskegrad og blir fastsett av instituttet.</p>
<p>Undervisningsstad</p>	<p>Nettbasert studium</p>
<p>Emneevaluering</p>	<p>Emneevalueringar vert gjennomførte i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.</p>
<p>Kontaktinformasjon</p>	<p>Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium E-post: studierettleiar@lle.uib.no</p>

Emneplan for NORAN104-F

Kategoriar	
Emnekode	NORAN104-F
Emnenamn, nynorsk	Andrespråklæring og -undervisning (fjernstudium)
Emnenamn, engelsk	Second language acquisition and second language teaching (distance education)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust eller vår
Faglig overlapp	NORAN104-F og NORAN104 har full overlapping med kvarandre, slik at ein berre kan få uttelling for eitt av emna.
Undervisningsspråk	Norsk. Dansk og svensk kan òg verte brukte.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Studenten må vere oppteken til NORAN104-F (Vidareutdanning)
